

Vil ha riksveg 13 sør for Odda inn i ny NTP: – Får vi ikkje dette til, vil Oddadalen ligga urørt til etter 2033



Odda: Frå onsdagens generalforsamling i Odda Vegfinans. F.v. Halfdan Haugan (ordfører i Seljord), Odda-ordfører Roald Aga Haug, Ole Johan Vierdal (ordfører i Vindafjord), Terje Bleie (repr. Ullensvang herad), Bente Bondhus (repr. Hordaland fylkeskommune), Toralv Mikkelsen (styreleiar Odda Vegfinans), Jon Larsgard (ordfører i Jondal), Sigmund Lier (ordfører i Tysvær) og Børge Skårdal (E 134 Haukelivegen). Foto: Privat

Av [Ernst Olsen](#)

Publisert:03. mars 2019, kl. 18:00

E 134 Haukelivegen AS meiner det er heilt avgjerande at Oddadalen kjem inn i planlegginga av Nasjonal Transportplan (NTP) 2022–2033.

«Det trengst ny veg gjennom Oddadalen (riksveg 13). Vi tar no eit initiativ for å få kommunestyra i aktuelle kommunar til å gjere vedtak om å få dette prosjektet med i komande NTP. Av omsyn til framdrifta av arbeidet med NTP må/bør vedtaka gjerast før sommaren», skriv Børge Skårdal, dagleg leiar i E 134 Haukelivegen AS, i ein e-post til kommunane Odda, Ullensvang, Jondal, Kvam, Samnanger, Os, Fusa og Kvinnherad.

Busetjing og tryggleik

Han meiner kommunestyrevedtak frå eit stort geografisk område vil synleggjere god lokal forankring. I eit notat vert det framheva at riksveg 13 gjennom Oddadalen er ei strekning som knyter viktige industriklynger i

Hardanger og Sunnhordland til E 134, og dermed til viktige marknader både sør og aust.

«Som ein del av rammevilkåra for nærings- og arbeidsliv i regionen, for busetjing og for tryggleik, er det nødvendig å bygge ny veg gjennom Oddadalen. Dagens veg er smal og til tider svært problematisk vinterstid, med fastkøyning og store ulemper for alle trafikantgrupper. Trafikkmengda sommarstid i Låtefoss-området har nådd ei smertegrense», står det i notatet.

Vil kunna ligga urørt

E 134 Haukelivegen AS strekar under at ny veg i Oddadalen kan sjåast i samanheng med gjennomførte og planlagde tiltak på Rv. 13 Odda-Kinsarvik og på viktige fylkesvegar i regionen—som Fv. 551 og Fv. 48 mot Rosendal og Husnes, Fv. 107 mot Jondal og Kvam og Fv. 7 Tokagjelet.

Saka stod på dagsorden då Odda formannskap hadde møte sist torsdag, der ordførar Roald Aga Haug (Ap) fremma følgande forslag;

«Odda kommune ber Statens vegvesen i komande NTP 2022–2033, seinast i siste halvdel av planperioden om å legge inn statlege oppstartsmidlar og event. eigenfinansiering til prosjekt Rv. 13 Oddadalen. Jamfør godkjent kommunedelplan for prosjektet».

Forslaget frå ordføraren vart samrøystes vedteke.

– Får vi ikkje dette til, vil Oddadalen ligga urørt til etter 2033. Utanom vil vi prioritera rassikring på Rv. 13 frå Odda kommune til Hardangerbrua. Og sambandet til Jondal, seier Aga Haug.



Riksveg 13: Oddadalen. Arkivfoto: Kristin Eide